

Energi og stortingsvalget 2025

-partiene må ta ansvar for natur og energi

Uttalelse fra Naturvernforbundet i Trøndelag ved årsmøtet 29.03.2025

Neste stortingsperiode kan bli avgjerande for om det skal bli ein ny offensiv for nedbygging av natur og omkamp om verna elvar. Når NVE i fjor skreiv innlegg om at det nok kan bli underskot på lengre sikt, er det vel for at kampen for nedbygging av natur ikkje skal bli skrinlagt. Det er likevel verdt å merke seg kva direktøren for energi- og konsesjonsavdelinga i NVE skriv: *Skal vi kutte klimagassutslipp og bygge ny kraftkrevende industri, trenger vi også mer kraftproduksjon.*

Men det er ikkje mangel på straum som hindrar utfasing av fossil energi verken i Trøndelag eller i Noreg. Samla netto eksport av straum for 2024 enda på 18 TWt. Totalt er det i Noreg ein samla magasinkapasitet for lagring av vatn til produksjon av straum på 87,2 TWt. Då året 2024 starta var magasininfyllinga på 59,5 %. Ved utgangen av 2024 er magasininfyllinga på 79,1 %. Altså er det 17 TWt meir straum samla i magasina. Hadde Noreg gått ut av året 2024 med same magasininfylling som året starta med, ville landet produsert eit overskot på 35 TWt. I Trøndelag starta året med 2 TWt meir i magasina enn det som er middelniva og prisen har i gjennomsnitt vore under 35 øre/kWt.

Men, enten det skal bli underskot på kraft eller meir natur skal bli ofra, så er det eit politisk ansvar. Inn i spådomen om underskot blir det lagt alt som Statnett har lova kapasitet til i nettet. Her er politisk styring fråverande. Eksempel er store datasenter for produksjon av kryptovalutta. Berre i Trøndelag kan forbruket om få år bli nærare 3 TWh.

Frå regjeringa, NHO og LO går det meldingar ut om at alle kommunar må sjå seg rundt og finne areal der det kan bli bygd ut energiproduksjon. Kvar kommune må ta ansvar for det «grøne skiftet» og at måla om utfasing av fossil energibruk blir nådd. Med dette som bakteppe fer ulike selskap rundt til grunneigarar og kommunar på jakt etter areal for vind- og solkraft. Då er det særleg kommunar med store areal og dårleg økonomi som er av interesse for kraftselskapa. Samtidig er dei som vil bruke billig energi er på leiting i dei same kommunane.

Når kraftprodusentane heiar på auka forbruk er det Stortinget som må ta ansvaret for at ikkje meir natur går tapt. Når Stortinget ikkje prioriterer kva krafta skal brukast til, men let alt bli kalla grønt skifte, er det klart at vi kan få underskot på kraft. Når eit fleirtal i det nåverande Storting ikkje lengre vil at varig vern av vassdrag skal vere varig er det ille. Det kan vere nødvendig med vern mot store flaumar. Men, dette kan ikkje bli blanda saman med utbygging av kraftproduksjon som vil krevje magasin, neddemde myrar og tørrlagte vassdrag.

Stem på eit parti som både vil ta ansvar for natur og energi.